

Denne forsendelsen inneholder meldinger for 10. september 2014.

Eventuelle spørsmål kan rettes til Nordea på telefon 06001 (privatkunder) eller 06002 (bedriftskunder).



WIMOH INVEST AS
POSTBOKS 98 SLÅTTHAUG
5851 BERGEN

Forsendelsen inneholder 1 melding for konto
6504.05.74160:

1 melding om kreditering

E-post: ea@framo.no

ENKELTBELØP ført på konto

MELDING OM KREDITERING

BETALER:
MELAND KOMMUNE
HAVNEVEGEN 43

5918 FREKHAUG

MOTTAKER:
WIMOH INVEST AS
C/O FRANK MOHN AS
POSTBOKS 98 SLÅTTHAUG
5851 BERGEN

BELØPET GJELDER:

refusjon forskottering av gang/sykkelveg
Orrhøyen-Fløksand i Meland.

4.500.000,00

Oppgj. dato : 10/09-2014
Oppdr. dato : 10/09-2014
Til konto : 6504.05.74160
Fra konto : 1503.18.83722
Beløp : 4.500.000,00
Blankettnr. : 3201585268
Arkivref. : 797410577
ID nummer : 00003763113

	KONTONR.	AVD.	MVA	BILAGSNR.
D:	214200			142
K:	12906			
	ANVIST <i>ec</i>			



MELAND KOMMUNE

Komm. avd. for natur - næring og tekniske tjenester

MOTTATT

22 JUN 2005

Statens vegvesen

Region vest

Statens vegvesen
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Statens vegvesen	
Reg. dato:	23 JUN 2005
Saksnr.:	2005/2111-001
Arkivnr.:	153 - 1253

Dyktar ref.
Vår ref. JHB

Journalf. ID 05/7495
Arkivsak ID 05/788
Arkiv nr. N-561.6

Dato 13.06.05

SØKNAD OM FORSKOTTERING FOR BYGGING AV GÅ-/SYKKELVEG LANGS RV.564 HJERTÅS-FLØKSAND I MELAND KOMMUNE.

I Statens vegvesen sin langsiktige plan for samanhengande gå-/sykkelvegar i Hordaland er gå-/sykkelveg mellom Bergen-Flatøy, Frekhaug-Rössland og Knarvik-Frekhaug-Rössland medteke.

Per i dag er gå-/sykkelveg delvis etablert frå Bergen-Flatøy og utbygd mellom Knarvik-Flatøy-Frekhaug. Det står såleis att strekninga Frekhaug-Rössland langs Rv. 564 i Meland.

I samband med at Frank Mohn Flatøy AS no tek i bruk regulert næringsområde på Hjertås til ny møyribruikk og kontorbygg, vil trafikken i området aukar vesentleg. Området mellom Hjertås og Fløksand er i dag trafikalt bunde saman av ein to-felts riksveg av brukbar standard. Det er ingen gå-/sykkelveg mellom desse lokale grendene.

Grenda Fløksand høyrer til Vestbygd skulekrets, som har sin barneskule i Holme marka utbyggingsområde. Mellom skulen og Hjertås er det etablert gå-/sykkelvegnett. Alle ungdomsskulelevane går på Rössland, kombinert barne- og ungdomsskule på Vikebø.

Meland Golf ligg og på Fløksand. Bruk av golfbane er aukande med aukande trafikk langs Rv. 564.

Ved Leirvik på Fløksand ligg og den mest brukte badeplassen i Meland med svært stor trafikk til og frå i sommarhalvåret.

Meland kommune og Frank Mohn Flatøy AS har difor sett det som naudsynt ved etablering på Hjertås at regulert gå-/sykkelveg frå Hjertås til Fløksand vert bygd.

Tiltaket kan kombinerast med samstundes utbygging av vassleidning og legging av høgspenkabel inn i industriområdet, samstundes som forsyningstryggleik for el. straum og vatn vert vesentleg betre både for Hjertås-området og for Fløksand-området.

I kommuneplanen er Hjertås-/Holme-området eit utbyggingsområde, og som til dels har hatt sterk utbygging av bustader og meir utbygging er planlagt.

I Fløksand-området er det og aukande etterspurnad etter bustadtomtar.

Adresse Postboks 79
5906 Frekhaug
postmottak@meland.kommune.no
naering.natur.teknikk@meland.kommune.no

Telefon: 56 17 40 00

Telefaks: 56 17 40 01
avd. 56 17 41 69

Bankkonto: 3632 07 00242

Banknoto, slutt: 7855 05 12563

Samla sett vil bygging av gå-/sykkelveg, vassleidning og el.nett få ei stor samfunnsøkonomisk nytte kombinert med ein vesentleg auke i trafiktryggleiken.

Frank Mohn Flatøy AS søker difor Statens vegvesen om å forskottere dette anlegget. Etter innhenting av anbod vil kostnaden med gå-/sykkelveg med tilhøyrande veglysanlegg kome på om lag kr 6,0 mill og ein søker om forskottering av denne summen.

Vass- og kabelanlegg, som vert liggjande i gå-/sykkelvegen, skal kostast av Meland kommune og BKK-Nett, og er ikkje med i denne summen.

Meland kommunestyre har i sak 061/05 godkjend tilaket på vilkår av at Statens vegvesen godkjenner at Frank Mohn Flatøy AS får høve til å forskottere tiltaket.

Frank Mohn-konsernet har forskottert mange vegutberingar/vegomleggingar i fylket for Statens vegvesen, og er difor vel kjend med dei vilkåra vegvesenet vanlegvis set for slik forskottering.

Frank Mohn Flatøy AS vil sjølvsgt og innbrønde seg desse vilkåra.

Tiltaket er eit samarbeidsprosjekt mellom Frank Mohn Flatøy AS, BKK-Nett AS, Statens vegvesen og Meland kommune for å få til eit tiltak som vil gje stort samfunnsøkonomisk vinst.

Frank Mohn Flatøy AS søker difor om å forskottere anlegget og med attendebetaling frå Statens vegvesen så snart dette anlegget er med i Statens vegvesen sine utbyggingsplanar, og på dei vilkåra Statens vegvesen vanlegvis set for slik forskottering.

Arbeidet er tenkt ferdig i nov./des. 2005.

Vedlikehald/drift av anlegget:

Sidan denne gå-/sykkelvegen og veglysanlegget vert ein del av Rv. 564, reknar Meland kommune med at Statens vegvesen overtek vedlikehalds-/driftsansvaret for gå-/sykkelvegen så snart denne er ferdig og gir tilskot til Meland kommune for vedlikehald/drift av veglysa til liks med tilsvarende veglys Statens vegvesen har i Meland kommune som t.d. på Holmø og Hjertås.

Komm.avd. for natur - næring og tekniske tenester



Frank Mohn Flatøy AS



Ordføreren i Meland

Meland kommune

Vedlegg:

- > Vedtak i Meland kommunestyre, sak 061/05
- > Kopi av godkjend reguleringsplan
- > Kopi av tilbod frå entreprenør
- > Kopi av kommuneplan der skular, utbyggingsområde, Meland golf, friområde m.m. er teikna inn.